

Ole K. Løseth

## *Ole K. Løseth, Rindal.*

Av Ola Årnes.

Ole K. Løseth, Rindal, fylde 60 år 25. desember 1946. Mange som gjestar Trollheimshytta og har nydt godt av bra stell og god mat, ofte etter ein slitsam tur i fjellet, veit kanskje ikkje at det er denne mannen som har førd varene fram i snart 30 år. Men dei som har hatt ansvaret for at alt skulle vere på plass og i orden i Trollheimshytta, veit å setja pris på det arbeidet som Ole Løseth har utført, og vil gjerne gje han ein plass i årboka.

Sjølvsynest han ikkje det er så mykje å skryte av, skjønar eg, da eg ein dag utpå nyåret kjem opp til garden hans, Austigard på Løset, og vil slå av ein prat med den trauste 60-åringen.

Det var lite han hadde vori i Foldalen før han byrja å føre varer for Trondhjems Turistforening, fortel han. Ola Nergård, bror til kona, dreiv med rein inne på Fuglsøysætra, og såleis hadde han

gjort eit par turar innover dit. Ein annan bror av kona — han heitte òg Ola — var turistfører på Trollheimshytta, Jøldalshytta og Gjevilvasshytta, og på den måten kom Ola Løset i kontakt med T.T. og vart «klauvkar».


«Eg trur det var i 1917 eg var der inne første gongen,» seier han.

Og korleis lika du deg derinne? «Å jau, det var stor vidått, og fint var det òg mange stader. Serleg lika eg meg godt på Liagarden. Men om vinteren har det vori hустre mange gonger.»

Kor mange turar kan du ha gjort til Trollheimshytta? — «Det er fult det er på 100-tal det, for eg har gjort 2—3 turar for året minst. Eit år gjorde eg 9 turar. Men kanskje eg likevel seier for mykje. Hytteboka vil nok forråda meg i så fall. I krigsåra var det stopp nokre år, men da frakta eg varer til Liagarden.»

Du hadde vel fylgje med når du tok ut på ein slik tur? — «Ja, om vinteren hadde eg alltid fylgje så nær som ein gong. Vi kunne vere opptil 6 hest, og var føret godt hadde kvar hest eit lass på 3—400 kg. 300 kg. er i grunnen nok. Om sommaren fór eg ofte åleine med ei klauv på 80—100 kg. Turen tok vanleg 3 dagar med overnatting både på Liagarden og Trollheimshytta. Sommars dag kan ein gjera turen på 2 dagar. Ein må da ut i 4—5-tida om morgonen og når ikkje Trollheimshytta før i 9-tida om kvelden, så det blir ein slitsam tur.»

Det var vel ikkje alltid berre moro heller? — «Å nei, når det sette inn med uver og skodde, kunne det vere slitsamt. Eg hugsar ein dag vi tok ut frå Liagarden at vi gjekk oss vill. Vi gjekk heile dagen, og da kvelden kom, nådde vi utgangspunktet igjen. Det skulle no ikkje ha hend om dei hadde vilja høyrte på meg,» legg han til. «Men eg òg var så uviss den gongen at eg torde ikkje lita heilt på meg sjølv eg heller. Ein gong tvinga uveret oss til å snu ved Rinnhatten. Stormen var så hard at hestane gav opp, dei greidde ikkje å gå imot veret. Da var det inga onnor råd enn å lesse av lassa og legge att varene til seinare. Det gjekk godt den gongen òg, men det var ikkje einaste måfåturen. Hestane har òg ofte gått seg nedi. Såleis var det ein hest som hamna i Slettåa, slik at vi berre så vidt såg i han. Likevel har hestane aldri skadd så mykje som eit bein.»



Fra Liagaren

Arne Falkanger

Og betalinga, korleis har det vori med den? — «Så ymse, men det er ikkje så verst no. I førre krigstida var det 50 kr. turen om sommaren, og det var bra. I mellomkrigstida gjekk det ned til 15 kr. turen. Om vinteren var det lenge 10 øre kiloet, men no har det gått opp mykje.»


Du likar trafikken og tenkjer å halda fram enno i mange år? — «Vinterturane får eg vel kanskje slutta med når denne vinteren er gått. Men om sommaren stiller det seg noko annleis, så dersom dei spør meg, veit eg ikkje.

Det er slik, skjønar du, at eg likar dette livet og desse turane til Trollheimshytta, trass i skodde, regn og snøstorm. Og om eg ofte vart blaut på skinnen, tok dei alltid så godt imot meg på hytta. Styrrarinnene var alltid greie og «gaue», og like eins dei andre. Kledda til klauvkarane skulle først og fremst turkast, og damene derinne visste ikkje alt det gode dei skulle gjera mot oss.» Ja, slik fall orda, og den som sjølv har gjesta Trollheimshytta, skjønar nok at spikaren vart råka på hovudet.

Før eg går, må eg til bords og smaka på julebaksten, for alle i Austigard er interesserte i at den som er ute i ærend for T.T. ikkje

skal lida nokor naud i matvegen! Ikkje berre alle Foldals-turane til Ola, men også matbordet til kona Ingeborg vitnar om det.

Trondhjems Turistforening vil ynskje til lukke og takke Ola Løset for samarbeidet når han no rundar dei 60 år. Kjenner vi han rett, vil han i mange år enno stå til teneste når Turistforeningen har bruk for klauvkar.



Hvem vet hvor den er, denne modellen av Nedalshytta?